



FISKERIDIREKTORATET

Lindås kommune  
Plan- og miljøutvalget  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Sakshandsamar: Ina Giil Solheim  
Telefon: 91888890  
Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon  
Vår referanse: 13/11952  
Dykkar referanse: 14/1927 - 15/22759  
Vår dato: 17.08.2015  
Dykkar dato: 29.06.2015

Att: Trude Langedal

## LINDÅS KOMMUNE HORDALAND - 1. GONGS HØYRING OG OFFENTLEG ETTERSYN AV KJEVIKDALEN FYLLPlass UTVIDING GNR177 BNR36 M FL GNR176 BNR25 M FL

Viser til motteke brev datert 29.06.2015 om ovannemnde sak.

### Føremål og planstatus

Føremålet med planarbeidet er å utvide området i forhold til gjeldande plan for å få lagt inn naudsynt areal for reinseanlegg, gjere om på strukturar innanfor planområdet og få meir fyllplass. Det vil ikkje vere snakk om å tilføre nye aktivitetar til området utanom reinseanlegget som planleggjast heilt nord.

### Rolle, ansvar og medverknad

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande organ innan fiskeri- og havbruksforvaltninga. I saker som får følgjer for desse næringane er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet.

### Innspel frå Fiskeridirektoratet region vest

Det kom diverre ikkje innspel frå oss ved oppstart av reguleringsplanen, men vi ser oss nøydd til å nemne interessene i området. Rett nord for planområdet, i Lurøyfjorden og Kråkeosen, er det registrert viktige gyteområde for torsk, samt fiskeområde for reke og torsk. Det er opplyst i kartdataene at desse områda i liten grad vert brukt til fiskeområde på grunn av forureining frå bossanlegget i Kjevikdalen.

Vi stiller oss positive til reinseanlegget og ser det som ein nødvendighet for å hindre vidare forureining av desse viktige områda. Vi føreset at det vert sett i gong avbøtande tiltak dersom det viser seg at tiltaket kan gjere skade for det marinbiologiske mangfaldet og fiskebruksområde.

Fiskeridirektoratet region vest kan ikkje sjå at planforslaget vil føre til vesentlege konsekvensar for dei interessene vi skal ivareta, og har såleis ingen andre merknadar til planen.

Vi ber om å få kopi av vedtak i saka.

Med helsing

Kari Morvik  
seksjonssjef

Ina Giil Solheim  
inspektør

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift*

**Mottakarliste:**

Lindås kommune	Plan- og miljøutvalget	5914	ISDALSTØ
----------------	------------------------	------	----------

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland	Miljøvern- og klimaavdelinga	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Fiskarlaget Vest	Slottsgt. 3	5003	BERGEN
Kystverket Vest	Plan- og Kystforvaltningsavdelingen	6025	ÅLESUND